

# Der rek det ferdafolk ifrå land og by

## Dialektlære

**Mål:** Elevane skal kjenne til særtrekk i hallingdialekten og kunne samanlikne med andre dialektar.

*Ei dialekt er noko mykje meir enn summen av dei enkelte orda. Ei dialekt utgjer eit eige språkssystem i eit geografisk område. Ho har sine eigne lover, si eiga rytme, sitt eige tonelag, sin eigen setningsmelodi.*


Hallgrim Berg

## MÅLMERKE - detektivtips som kan avsløre kvar folk kjem frå

Tenk deg at du er på ferie med familien din. De bur på ein campingplass på Sørlandet. Dei som bur i campingvogna ved sida er nysgjerrige på kvar de kjem frå, men dei tør ikkje spørja. Korleis kan dei avsløre at de kjem frå Hallingdal ved å lytte til dialekten?



Dental → ein  
språklyd laga ved  
tennene; tannlyd.



■ tjukk l av både  
dental l og rd

▨ tjukk l berre av  
dental l

□ tjukk l manglar

### A. Det er tjukk l i hallingmålet.

Tjukk l er ein spesiell lyd som ikkje finst mange stader i verda, men i Hallingdal finst han. Språklyden er vanskeleg å uttala for dei som ikkje har han i talemålet sitt.

Korleis seier du gutenamnet *Ola* og ordet *sol*?

- Dersom du bøyer tunga bakover og smeller den opp i ganen når du seier l-en, brukar du tjukk l.

- Dersom du derimot seier l-en i desse orda på same måten som l-en i *Ole* og *Lise* (tunga er pressa opp like bak framtennene dine), har du ikkje tjukk l.

**Det finst to variantar av tjukk l:**

1) Tjukk l i l-ord og ord med rd, slik at *sola* og *jorda* blir rimord.


2) Tjukk l berre i l-ord, slik at *sola* blir uttala med tjukk l, medan *jorda* blir uttala med klar r-lyd.

I nabovogna høyrer dei at mor di seier du skal smørja deg inn med solkrem og passe på bror din så han ikkje spring utom gjerdet. "Solkrem og gjerde," hermar det lågt i forteltet ved sida, "eg kan ikkje fatta kordan di får til å seie den l-lyden?" "Di seie sikkert det same om skarre-r-en vår" seier faren. "Di må kamma frå Østlandet eller Trøndelag, for der bruke di fleste tjukke l."



Sjå s.15 og 16 i *Me og oss, de og dikko* korleis teiknet for den tjukke l-lyden er i lydskrift. Bruk boka når du skal svara på oppgåvene.

- ❖ Finn minst fem ord med tjukk l, der l-en blir skriven med *rd* i skriftmål.  
Døme: ha*ł* = hard
- ❖ Finn minst fem ord med tjukk l sist i ordet, der l-en blir skriven med *l* i skriftmål.  
Døme: søp*æł* = søppel
- ❖ Finn minst fem ord med tjukk l inni ordet, der l-en blir skriven med *l* i skriftmål.  
Døme: k*ł*æu = klede, klesplagg
- ❖ I hallingmålet er sol og jord rimord, fordi både -l og -rd blir uttala som tjukk l. Finn andre rimpar der det eine ordet sluttar på -l og det andre på -rd i skriftmål.
- ❖ Det finst par av ord der tynn l i det eine og tjukk l i det andre er det einaste som skil.  
Døme: st*ø*l (seter) og st*øł* (stiv). Klarar du å finne fleire slike døme?



Etter vokalane **e**, **i**, **y** og diftongane **ei** og **øy** er det ikkje lett å seie den tjukke l-lyden.

- ✓ Prøv å seie *kvile*, *spela* og *spyle* med tjukk -l.
- ✓ Kva med *heil* og *Geilo*?
- ✓ Eller *søyle* og *tøylapp*?
- ❖ Kan du finne andre slike døme?
- ❖ Finn ord med tjukk l etter vokalane **a**, **o**, **u**, **æ** og **å**.
- ❖ Finn ord med tjukk l etter diftongen **au**.

Fordi tjukk l blir laga ved at ein gjer eit slag med tunga, kan ikkje lyden vera lang. Difor har me berre den vanlege l-lyden i ord med dobbel l.

- ✓ Prøv å seie orda *tull*, *skalle* og *bolle* med tjukk l-lyd.

## B. Det er kløyvd infinitiv i hallingmålet

Kanskje det viktigaste detektivtipset når du skal finne ut kvar nokon kjem ifrå, er å høyre etter kva slags infinitiv dei brukar.

- ✓ Ein grei hugseregul er at når du kan setje å framfor eit verb, har du infinitivsforma av verbet.  
Døme: *prate, skrive, sparke*.
- ✓ Me brukar mykje infinitiv, m.a. etter hjelpeverb som kan/kunne, skal/skulle, vil/ville, må/måtte.  
Døme: *kan prate, kunne sparke, vil vera, skulle lesa*.

Somme stader seier dei:	<i>Du må kâmmе å hente meg.</i>	Der har dei <b>e-mål</b> .
Andre stader seier dei:	<i>Du må kâma å henta meg.</i>	Der har dei <b>a-mål</b> .
Somme stader heiter det:	<i>Du må kâmm å henjt mæ.</i>	Der har dei <b>infinitiv utan ending</b> .
Andre stader heiter det:	<i>Du må kâma å hente me.</i>	Der har dei <b>kløyvd infinitiv</b> .

### Kløyvd infinitiv vil seie at endingsvokalane vekslar mellom –e og –a (eller –å).


I dei dialektane som har kløyvd infinitiv, er det mest verb med e-ending i infinitiv.

Verba med a-ending er ikkje så mange, men somme av dei er svært vanlege ord som blir brukt ofte.

Det finst ingen regel for når det skal vera a-ending og når det skal vera e-ending.

Ein kan til dømes ikkje forklare kvifor det heiter å læsa ei bok, men å læsæ (låse) ei dør på hallingmål.

- ❖ Kan du finne verbet å *kløyve* i dialektboka.
- ❖ Korleis skriv du det med lydskrift?
- ❖ Kan du finne eit anna verb for å *kløyve*? (eit synonym)



- I Trøndelagsfylka har dei anten inga ending i infinitiv (=apokope), eller infinitiv som endar på -a eller -å.
- Døme: *Vil du værra med å dans*, så må du kâmmå.
- Her ser du kløyvd infinitiv i *værra, kâmmå* og apokope i *dans*.

"Ska me spela sandvolleyball?" ropar far din, då du endeleg har fått fri frå veslebror. "E må bærre slappe tå litt i skuggen fysst", sukker du. "E kan smørja ei skive te oss imens, og koke me kaffi," held far din fram. Han blir rastlaus på ferie.



"Koffor spør aldri du om me skal spela ball, pappa?" seier guten i nabovogna. Han sit og kjedar seg i ein campingstol medan far hans les i ei bok. "Eg e ikkje skabt for slige aktivitet," smiler faren. "Men du kan vel slenga deg med naboane frå Østlandet?" "Kordan kan du vida at di ikkje kâmmе frå Trøndelag?" spør mora frå solsenga. "Eg hørre at di blande a- og e-infinitiv." "Gjærr di ikkje det i Trøndelag då?" lurar mora. "Jo, det gjærr di, men der sløyfe di endingar òg. Det gjør di ikkje disse naboane våre." "Det e någe kjende med den dialektå," mumlar guten.

**Bruk dialektboka *Me og oss, de og dikko til* desse oppgåvene.**

- ❖ Finn 4 verb med a-ending og 8 verb med e-ending.
- ❖ Kan du finne infinitivsforma av desse verba?  
*draiv, siji, sliti, jeve, jordæ, gongo, syg, tagdæ, hæld, fais, dælgdæ, klyv*  
Tips: Leit på same forbokstaven.
- ❖ Kor mange av dei tolv verba har a-ending i infinitiv?
- ❖ Kor mange av dei tolv verba har e-ending i infinitiv?

Ver merksam på at e-endingane blir skrivne med æ i lydskrift.  
Sei ordet *kne*. Då brukar du den tronge e-lyden → e i lydskrifta.  
Sei ordet *blåse*. Då brukar du ein lyd som er meir open enn e → æ i lydskrifta.

- ❖ Les ordtaka etter Ivar Aasen på s.178-179. Finn døme på kløyvd infinitiv.
- ❖ Finn verba som står i **infinitiv** i desse versa av Hellbillies:  
- to har a-ending      - tre har e-ending

**Den finast eg veit**

Men når dyna varmar kring oss baa to  
i mørke natta,  
**ska** eg kviske i øyra ditt og svara på  
koffår du æ den finast eg veit.

**Røta**

Då har du røta du ikkje **må** fløta  
**må** kji lure deg sjøl  
det går ein veg mellom fortid og framtid  
ikkji heft deg med møl  
det renn ei elv gjennom ro og larm  
av hjartslag, held sjele di varm  
som å vakne ved jentebarm....

- Merknad [G1]:** Hjelpeverb
- Merknad [G2]:** Hjelpeverb
- Merknad [G3]:** Hjelpeverb

- ❖ Finn verba som står i **infinitiv** og hjelpeverba som høyrer til.

	Hjelpeverb	Hovudverb i infinitiv	Setninga er henta frå:
Kule Knallert-Kari sko me reise på tur?			<i>Kule Knallert-Kari</i> av Hellbillies
Der vil dei fråte i blod og børsu.			<i>Jaktvise</i> av Kjetil Lilleaas
Ho har det med di at ho støtt ska masa.			<i>Mas, mas</i> av Hellbillies
Du ska få kaffi og kaku.			<i>Kaffi &amp; Kaku</i> av Tolv Volt
Ko skull ein stakkar gjera?			<i>Baka ein stein</i> av Hellbillies
Ein dag so kan det hende alt slær te.			<i>Eg gløymer deg aldri</i> av Hellbillies
Men kjering då, slikt må du sea med ei gøng!			<i>Jaktvise</i> av Kjetil Lilleaas
Kan 'kji bestandigt få alt du peika på.			<i>Tolleiv</i> av Hellbillies
Ko i vidaste verden skull eg gjera no?			<i>Me får sjå</i> av Hellbillies
Kan 'kji vera slik'n va!			<i>Innflutt Hallingdøl</i> av Hellbillies
Ein bukk te ska eg skjøte, so æ're farrvell og takk!			<i>Eitt skot te</i> av Hellbillies
Dei kunn lesa framtide mi.			<i>Dyrt å spå</i> av Hellbillies

## C. E, me og ikkje seier dei som pratar halling

	<p><b>Personlege pronomen 1. person eintal</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>✓ Formene av 1. person eintal kan delast inn i to hovudtypar:             <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Dei utan <i>j</i>, som svarar til <i>eg</i> i nynorsk, er mest utbreidd → <i>e, eg, æ</i> eller <i>æg</i></li> <li>2. Dei med <i>j</i>, som svarar til <i>jeg</i> i bokmål, finn me for det meste på Austlandet → <i>jæi, jøe</i> eller <i>jei</i>. I byane på Austlandet heiter det <i>jei</i>.</li> </ol> </li> </ul> <p><b>Personlege pronomen 1. person fleirtal</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>✓ <i>Me, mi</i> er mest utbreidd i vest og sør.</li> <li>✓ I aust og nord er <i>vi</i> den vanlege forma.</li> </ul>
	<p><b>Nektingsadverbet <i>ikkje</i></b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>✓ Den mest utbreidde forma er <i>ikkje</i>.</li> <li>✓ I austnorsk er nektingsadverbet eit godt skilje mellom fjellbygdene, som har <i>ikkje</i>, og flatbygdene, som har <i>itte</i>.</li> <li>✓ På Austlandet finst også dei noko meir sjeldne formene <i>innte</i> og <i>ennte</i>.</li> <li>✓ I mange bymål og i Finnmark har dei forma <i>ikke</i>.</li> </ul>

"E fedre på Østlandet totalt ulige di frå Sør-Vestlandet?" spør naboguten, og sender eit langt blick etter far din som "liksom-servar" heile vegen ned mot stranda. "Någe ligt e det vel med oss. Han seie *me, e* og *ikkji*, hørre du vel? Det ligner meg." "Kåmme di plutselig frå Vestlandet nå?" seier sonen surt. "Nei, nei - di bruke jo tjoke I og rolle-r, også har di både a- og e-infinitiv. Men di må bo heilt på grensa te Vestlandet, for di seie mest *vi* og *jæi* på Østlandet. Eg meine di må kåmme frå ei av fjellbygdene, Nomedal, Hadlingdal elle Valdres kanskje." "Åå, pappa nå vett eg det, di hørres ud så Hellbilles. Eg visste det va noge kjende med den dialektå! Di komme frå Hadlingdal!" "Då e di avslørde. Ska me avsløra sørvane dises også? seier faren, sprett opp av stolen og strammar armmusklane.


Du har fått kjøla deg ned og fått mat i magen. No er du klar for å kjempe mot far din i sandvolley. Han likar ikkje å tapa, det veit du. "Æ 'ru klar?", spør du. "E æ fit for fight", ropar far din, hoppar opp av strandstolen og viser musklar. "Ro 're ne fattern!" kviskar du lågt, men bestemt, og kikkar forlegen mot leirplassen ved sida. "Ha 'ru fått i 're for mykji koffein?" "Ko æ 're du æ så flau ette? Hær æ 're ikkje ein kjaft som kjænnæ uss," glisa far din. "Kom, så gå me!"



## OPPGÅVER

Sjå på oversikta over dei personlege pronomena i hallingmålet på s.12 i *Me og oss, de og dikko*.

❖ Fyll inn dei pronomena som manglar i tabellen:



### Kule Knallert-Kari

Kule Knallert-Kari sko **me** reise på tur?  
**Eg og du** på mopeden.  
**Me** dra på MC-treff te Hove i Ål,  
 dæ 'æ eit mål!

*Hellbillies*

	EINTAL				FLEIRTAL			
	subjektsform	objektsform	dativform	eigeform	subjektsform	objektsform	dativform	eigeform
<b>1. person</b> - dei orda som talaren brukar om seg sjølv					me			vår
<b>2. person</b> - dei orda som talaren brukar om den, det eller dei som han pratar <u>til</u>			de				dikko/dikkon	
<b>3. person</b> - dei orda som talaren brukar om den, det eller dei som han pratar <u>om</u>	han ho/hona dænn dæ					dai		

Subjektsform: (Kven eller kva + verbalet? = **subjektet**)

- ❖ Set ring rundt **den, det** eller **dei** som gjer noko i setningane.
- ❖ Byt **den, det** eller **dei** ut med personlege pronomena på hallingmål.  
 E og ho Birgit treffest på ein fest i Gulsvik.  
 Goffa min handla med hest og kji.  
 No ringji klukka ding, dang, dong.  
 Hald opp med det der ditt grillesvin!  
 Heilt innst i øyra der sit ein kar.  
 Hadde regnbågjin stae still so va're ingen sak.  
 Han Syver og ho Gro lesa i Nasjon'.  
 Du og ho Knallert-Kari sko væl reisæ på tur snart?  
 Ungkarslivet rauk!

Objektsform: (Kven eller kva + verbal + subjekt? = **direkte objekt**)

- ❖ Finn **den, det** eller **dei** som handlinga går utover i setningane.
- ❖ Bytt **den, det** eller **dei** ut med personlege pronomena på hallingmål.  
 E ska skjøte bukkæn!  
 Bonden glåymdæ kjyre på Ål-utstillingi.  
 Minstegut'n henta jaitadn.  
 "E ska håyræ de og 'n Ole i leksun kor dag denne viku", sa lærar'n.  
 Hunden beit me og 'n Lars.  
 Han Asle kasta graset over hese.

**Dativform:** (Til/for kven + verbal + subjekt + direkte objekt? = **indirekte objekt**)

- ❖ Finn **den, det** eller **dei** som noko blir gjort til beste eller skade for.
- ❖ Bytt **den, det** eller **dei** ut med personlege pronomen på hallingmål.  
Gamle Bry'n ga papaguto juling.  
No skriv e eit brev te'n Birgjit.  
Ho Knallert-Kari lånte 'n Lars mopeden.  
Ho Liv spandertæ treak på me og kjæringi.  
Så budeia servertæ stølskåst te de og 'n Asle!  
Me ynskji eleva og forældru god sumar!

**Eigedomspronomen uttrykkjer at noko høyrer til nokon.**

- ❖ Set inn eigedomspronomena som høyrer til dei personlege pronomena.  
E klappa hunden .....  
Du henta sykkel'n .....  
Ho ynskte at hesten va .....  
Han lurde på om premi'n va .....  
Me reiste på hytta .....  
De må passe på pengan' .....  
Ungan ..... voro med daj på tur.

- ❖ Set inn personlege pronomen som passar.

"..... vilja angasjeræ ..... for miljøæ," sa Steinar og Kåre,  
..... vendæ se te ..... Anna, som va lærar'n .....  
"Ko sa ..... at ..... vilja angasjeræ ..... for?" spurde lærar'n .....  
"Miljøe!" svardæ ..... Gutadn voro tå favorittelevadn .....  
"..... kunn kansi bejynæ med å ryddæ og feiæ?" spurde .....

- ❖ Skriv setningar der du brukar dei personlege pronomena *hass*, *hænnæ* og *dikkos*.

- ❖ Kva kan du seie om tittelen på dialektboka?

- ❖ Set setningane nedanfor om til nynorsk og hallingmål.

BOKMÅL	NYNORSK	HALLINGMÅL
Hun likte ham godt.		
Vi fotograferte dem.		
Hun er jenta hans.		
Kan jeg besøke dere?		
Er det ungene deres?		
De lette etter oss.		


## D. Eit skifte mellom eintals- og fleirtalsformer av verb – eit særdrag som enno finst i Hallingdal

Frå gammalt av vart det brukt andre former av verbet når det gjaldt fleire, enn når det gjaldt berre ein. I Øvre-Hallingdal (Hol og Ål) er fleirtalsformer av verb framleis i vanleg bruk, men helst blant dei som har levd ei stund. Dei som kjenner til dette målmerket kan raskt avsløre at Hellbillies kjem ifrå Hallingdal.

### Ho Birgjit Lien

Me **gjing**o ut og nedåt strånden, og djupe Krøder'n blinka blå. Eg **såg** ho Birgjit inn i augu'n, dei **voro** djup -- og like blå!

PRESENS (NO)		PRETERITUM (FØR)		
eintal	fleirtal	eintal	fleirtal	
e går	dei gå	e jikk	dei <b>jingo</b> dei gongo (Torpo)	sjå s. 51
e ser	dei sjå	e <b>såg</b>	dei sogo	sjå s. 112
e æ	dei æra	e va	dei <b>voro</b>	sjå s. 12



**Valdres og Hallingdal** blir rekna som same målføret, men det finst fleire skiljemerke mellom dialektane:

Hallingmål:  
*Me ha skrivi om jentu i bokji vår heile viku.*

Valdresmål:  
*Mø ha skreve om jento i boke vår heile veko.*

Far til guten i nabovogna kjende til ein del målmerke og kunne resonnerer seg fram til at campingnaboane måtte koma frå Numedal, Hallingdal eller Valdres:

- A:** Tjukk l → Austlandet eller Trøndelag
- B:** Kløyvd infinitiv → Austlandet
- C:** Personleg pronomen og nektingsord → Ei av fjellbygdene, på grensa til Vestlandet

Han var slett ikkje verst i sandvolleyball heller den mannen. Han var ikkje frå Stavanger for ingenting! Etter ein jamn kamp i strandkanten, der siddisane drog det lengste strået, vart de inviterte på leskedrikk. Under ein parasoll gjekk praten lett mellom "gamlingen"; om sandvolleyball, oljeboring i Nordsjøen, jordbruk og vegsamband. Du misunte far din at han hadde så lett for å prate med ukjende. Det gjekk meir som litt trått mellom deg og siddis-guten der de sat djupt i kvar dykkar fluktstol. "Bli du med inn i vognå, så kan me hørre musikk og spela kårt? spurde han endeleg. Det var visst ikkje naturleg for han heller, å sita slik rett opp og ned og berre prate. "Det va eg så fann ud kor dåkke kämme frå, for eg lige så godt Hellbillies," sa han.

Stemma til Lars Håvard Haugen fylde campingvogna: *...som å vakne ved jentebarm...*, då eg kvitta meg med det siste kortet eg hadde på handa. Utanfor fekk han som eigde campingvogna detektivtipset som kunne sett han på sporet av hallingmål tvert:

**D:** Eit skifte mellom eintals- og fleirtalsformer av verb → Øvre Hallingdal



## OPPGÅVER

❖ Sett inn rett tid av verbet i setningane under. Skriv på halling (lydskrift), som i boka. Sjå s.12 eller slå opp på verbet i infinitiv.

1. (å kastæ) E ..... støtt papir i lag med anna søpel, men dei unge ..... ikkje avisu rett i søplæ.
2. (å brøtæ) I jár ..... e me sund på isen. Fryrdagen ..... dei ein arm både o Halldis og o Turid.
3. (å få) Han Tor ..... ny brok hin dagen, men syssjini hass ..... bærre eit såkkepar kor.
4. (å væra) Sigrid og Knut..... haimæ den kvelden. Ho Sigrid.....i fjøse.
5. (å sea) Dei ..... dei ha den finast garden på Tørpo, men då ha dei 'kji kjænnskap te sanningi, dæ ..... no e.
6. (å skulja) E ..... på Hallingmarken i sumar. Ingebjørg og Signe ..... væra med.
7. (å veta) Alle her i bygd'n ..... at 'n Syver og o Astrid tuskæ ilag. Alle fårutta mor henne kansi, ho ..... dæ ikkje.
8. (å liggji) Ho Åsta ..... alæinæ på støle heile sumar'n i fjol, men i sumar ..... dei der flæiræ.
9. (å synnjy) Han Jostein ..... om Fatølvær både titt å åfto, men Hellbillies-karadn ..... bærræ låt'n på goværsdaga.
10. (å væra) Viss du ..... gla i ein an, so ..... 'kji me eit par lengræ.

## Kjenneteikn på ein dialekt

No veit du at fleirtalsformer av verb er eit særdrag ved hallingdialekta. Hallingmålet er kanskje det einaste målføret i landet som har dette språktrekket. For å kunne plassere ein dialekt på Noregskartet, må du vanlegvis kjenne til fleire målmerke.

### Så langt har me sett at

#### ○ me brukar forskjellige lydar

- Tjukk l er typisk for Austlandet og Trøndelag, medan på Vestlandet har dei tynn l.
- På Sørlandet og store delar av Vestlandet har dei skarre-r, medan resten av landet har rulle-r.

#### ○ ord blir bøygde forskjellig

- Trønderen seier: *Vil du værre med å dans, så må du kåmmå.*
- Siddisen seier: *Vil du være med å dansa, så må du kåmma.*
- Hallingen seier: *Vil du være med å danse, så må du kåma.*
  
- Hallingen seier: *Me ha skrivi om jentu i bokji vår heile viku.*
- Valdrisen seier: *Mø ha skreve om jento i boke vår heile veko.*

#### ○ ord blir uttala forskjellig

- Siddisane seier *Nomedal, Hadlingdal, skabt (skapt), vida (vita) og bruge (bruke).*
- Ålingane pratar på *å* og seier *påse, bålle* og *Tårpo*. Torpingane pratar på *ø* og seier *pøse, bølge* og *Tørpo*.

#### ○ ord har forskjellig tyding

- Ordet *støl* betyr *stiv*. Somme stader i landet, som i Hallingdal, kan det også bety *seter*. Hallingen gjer forskjell på orda ved å bruke tynn og tjukk l.
- "Men kjerling då, slikt må du sea med ei gøng," seier han Ola i *Jaktvise* av Kjetil Lilleaas. I Hallingdal er det naturleg å seia *kjerling* om ektefellen. I byområde kan det bli oppfatta som eit nedsetjande eller fornærmande ord.

## Ord- og setningsmelodien i norske dialektar er forskjellig

Mange vil kunne kjenne att ein dialekt på tonefallet eller talemusikken. Siddis-guten syntest det var noko kjend med dialekten din, og fann til slutt ut at måten du prata på likna Hellbillies. Då var det helst tonefallet i hallingmålet han kjende att.

Språket er fullt av tonar. Viss me skiftar ut orda våre med *la-la-la...*, høyrer me godt korleis stemmeleiet går opp og ned når me pratar. Alt frå barn er eit halvt år gamle byrjar dei å ta etter (imitere) **setningsmelodien** og tonefallet etter dei vaksne. Setningsmelodien gir meg signal om korleis eg skal tolka det du seier.

❖ Kan du forandre setningsmelodien ved å leggje trykket på ulike stavingar?

Gir desse setningane like signal til mottakaren?

Eg har **ikkje** vore i Fødalen i år.

Eg har ikkje vore i **F**ødalen i år.

Eg har ikkje vore i Fødalen i **år**.

❖ Du kan høyre at setningsmelodien er ulik om du *fortel*, *spør* eller *gir ordre om* noko.

Sei setningane og byt deretter ut orda med *la, la, la*....

Eg ska ta me eit tak i nakkjin og seta me klare mål.

Kansi må du ta re eit tak i nakkjin og seta re klare mål?

Ta re eit tak i nakkjin, du må seta re klare mål!

- På Austlandet og i Trøndelag fullfører me ikkje berre eit spørsmål med ein høgare tone, me fullfører også ei vanleg ytring med ein høgare tone. Me startar lågt, difor blir det kalla eit **lågtonemål**.
- Slik er det ikkje på Sørlandet, Vestlandet og i Nord-Noreg. Der startar dei høgt, og endar lågt. Det blir kalla **høgtonemål**.

Når me uttalar orda *tanken* (ein tank) og *tanke* (ein tanke) legg me merke til ein forskjell i **ordmelodien**. Begge orda har trykket på den fyrste stavinga, men melodien er ulik.

- Dersom du er sørlending, vestlending eller nordlending, har ordet *tanken* (ein tank) eit fallande toneleie (frå høgt til lågt), medan ordet *tanke* (ein tanke) har eit stigande toneleie (frå lågt til høgt).
- Er du austlending eller trønder, er det motsatt. *Tanken* (ein tank) har eit stigande toneleie, medan *tanke* (ein tanke) har eit fallande toneleie.

❖ Sei orda *leiken* (livleg, munter) og *leik* (ein leik).

Høyr forskjellen i tonelaget/ordmelodien. Bytt ut orda med *la-la*

❖ Sei ordpara

- *hoven* (oppvulma) og *hoven* (til å fange fisk med)

- *lyne* (å lyne) og *lynet* (eit lyn)

- *rota* (preteritum av å rote) og *rota* (ei rot)

- *ranet* (av eit ran) og *rane* (å rane)

❖ Finn fleire slike ordpar.

I norsk ligg vanlegvis trykket på fyrste staving, slik som i orda ovanfor. I lånord som kjem frå andre språk, kan trykket vera ulikt plassert. Somme seier **margarin**, andre **margarin**.

- I dialektane på Austlandet og i Trøndelag er det vanleg at trykket ligg på fyrste stavinga i framandord, og i hallingmålet er det heilt fast: **avis**, **banan**, **telefon**, **kontor**.
- I dialektane på Vestlandet og i Nord-Noreg ligg trykket på siste stavinga i slike ord: **avis**, **banan**, **telefon**, **kontor**.

❖ Sei orda *betong*, *hotell*, *potet* og *appelsin* med trykket på fyrste stavinga og deretter med trykket på siste stavinga.

❖ Finn fleire lånord eller framandord som har ulik trykkplassering i dialekten i Hallingdal og i Stavanger.

**Kjelder:**

Ål og Torpo Mållag: *Me og uss, de og dikko*, 2005

Kjell Venås: *Hallingmålet*, Det Norske Samlaget 1977

Kjell Venås: *So sea me her*, Boksmia, 1997

Botolv Helleland og Eric Papazian: *Norsk talemål, NRK Skoleradioen*

Liv Marit Aksnes, Gunnstein Akselberg, Willy Dahl, Linda Hambro, Eskil Hanssen og Marianne

Røskeland: *I språket, Litteratur- og språkhistorie*, Gyldendal 1998

Helene Uri: *Den store faktaboka om språk*, Damm 1998

<http://www.nysgjerrigper.no>

<http://dialektor.mohive.com/>

<http://www.dialektxperten.no/>

[http://www.ling.hf.ntnu.no/nos/nos\\_kart.html](http://www.ling.hf.ntnu.no/nos/nos_kart.html).

<http://nn.wikipedia.org/wiki/Hovudsida>